

# **Legenda om Cosdroe og Eraclius i tekst og bilete**

Autor(en): **Haugen, Odd Einar**

Objekttyp: **Article**

Zeitschrift: **Beiträge zur nordischen Philologie**

Band (Jahr): **59 (2017)**

PDF erstellt am: **05.08.2024**

Persistenter Link: <https://doi.org/10.5169/seals-858057>

## **Nutzungsbedingungen**

Die ETH-Bibliothek ist Anbieterin der digitalisierten Zeitschriften. Sie besitzt keine Urheberrechte an den Inhalten der Zeitschriften. Die Rechte liegen in der Regel bei den Herausgebern.

Die auf der Plattform e-periodica veröffentlichten Dokumente stehen für nicht-kommerzielle Zwecke in Lehre und Forschung sowie für die private Nutzung frei zur Verfügung. Einzelne Dateien oder Ausdrucke aus diesem Angebot können zusammen mit diesen Nutzungsbedingungen und den korrekten Herkunftsbezeichnungen weitergegeben werden.

Das Veröffentlichen von Bildern in Print- und Online-Publikationen ist nur mit vorheriger Genehmigung der Rechteinhaber erlaubt. Die systematische Speicherung von Teilen des elektronischen Angebots auf anderen Servern bedarf ebenfalls des schriftlichen Einverständnisses der Rechteinhaber.

## **Haftungsausschluss**

Alle Angaben erfolgen ohne Gewähr für Vollständigkeit oder Richtigkeit. Es wird keine Haftung übernommen für Schäden durch die Verwendung von Informationen aus diesem Online-Angebot oder durch das Fehlen von Informationen. Dies gilt auch für Inhalte Dritter, die über dieses Angebot zugänglich sind.

Ein Dienst der *ETH-Bibliothek*

ETH Zürich, Rämistrasse 101, 8092 Zürich, Schweiz, [www.library.ethz.ch](http://www.library.ethz.ch)

<http://www.e-periodica.ch>

# Legenda om Cosdroe og Eraclius i tekst og bilete

ODD EINAR HAUGEN (BERGEN)

Handschriftet AM 619 4to i Den Arnamagnæanske Samling er den eldste bevarte norske boka, datert til den første fjerdeparten av 1200-talet (ONP, *Registre*, s. 457). Med unntak av lovhandskriftene frå 1200- og særleg 1300-talet er det få andre norske bøker frå mellomalderen som er så godt bevarte som nettopp homilieboka. I tillegg til den norske homilieboka finst det ei islandsk frå om lag same tid, bevart i handskriftet Holm perg 15 4to. Dei to homiliebøkene nærer seg delvis av dei same røtene, og ikkje mindre enn elleve homiliar er felles mellom dei to, om enn med overraskande stor variasjon i lengd og utforming. Denne fellesskapen viser at det må ha vore eldre førelegg for begge homiliebøkene, i alle fall frå 1100-talet, så med desse bøkene har vi å gjere med det aller eldste laget av den norsk-islandske litteraturen. Men i dette vesle stykket skal ikkje blikket vendast mot stjernelyset over dei tapte tekstane, men mot ei yngre kjelde, i bilete snarare enn i tekst. Det er altarforstykket, frontalet, frå Nedstryn kyrkje i Nordfjord. Her låg det opphavleg ei stavkyrkje, reist på 1200-talet, men den vart på midten av 1600-talet erstatta av ei tømmerkyrkje. På byrjinga av 1800-talet vart frontalet i denne kyrkja flytta til det som no heiter Universitetsmuseet i Bergen (tidlegare Historisk Museum), og der har det ein fornem plass i samlinga av kyrkjekunst.

Frontalet har åtte medaljongar med fire i kvar rekkje, og det måler 97×173 cm. På stilhistorisk grunnlag blir det datert til rundt 1315 (von Achen, 1990: 219 n. 1). Frontalet er først og fremst ei biletleg framstilling, men kvar medaljong har også ein tekst i sirkelen rundt biletet der det blir gitt korte oppsummeringar av det som skjer i bileta. Frontalet er noko skadd, så teksten må supplerast med manglande teikn eller ord i fire av medaljongane. Det er ingen tvil om at dei åtte medaljongane fortel ei kjend og kjær historie for si tid, om den gongen då Eraclius røva tilbake krossen frå Cosdroe. Forteljinga har ein historisk kjerne, for både den persiske kong Khosrau 2 og keisar Heraklios har verkeleg levd og vore i strid. I 613–614 hærtok generalane til Khosrau Jerusalem og røva med seg krossen, men etter at Khosrau vart myrda i 628, kunne Heraklios føre krossen tilbake til Jerusalem.

Det heilt uvanlege med biletforteljinga i Nedstryn-frontalet er at vi har ei eldre, skriftleg kjelde å stø oss til, og det er Gammelnorsk homiliebok. Homilieboka er disponert etter kyrkjeåret, og på den 14. september, under tittelen *In exaltatione sancte crucis* ‘Om opphøginga av den heilage krossen’, står legenda om Cosdroe og Eraclius. Det er ein lettfatteleg tekst på berre 440 ord. Legenda byrjar med hovmodet til Cosdroe, som hadde røva krossen i Jorsalaborg og laga seg ei gulltrone under ein

dar. en nu er <sup>g</sup>f hennar hindin tom. En med þy at heamr hennar hingc.  
 eigi i <sup>g</sup>f. þa higgia margz at hon hafte upp veret numen med ond <sup>u</sup> hecam.  
 en jeronim <sup>i</sup> pstr segir seyrat at hon andadese <sup>i</sup> yar <sup>g</sup>fen. en ægi segir  
 Hjsto hyatt heldr yar at hon toc upp rislu heamslins lalu eptir andlae  
 sit. <sup>i</sup> gud fal hecam hennar at syndir mén næde ægi at sia. Nocid up  
 nūningar modor guds yecir myfpan fagnad englum a humni rimon  
 num a iordu. En droten sagðe fagnad yera englum a humni yfir æi  
 num mæne þeim er synda idrasc. þa ma sia at likendu hyessu my  
 kal fagnaðr þeim myndi gerasc þa er pengat com drotning heira  
 moder drocen <sup>i</sup> heura. Iordu er ot momnū seglo at fagna dýrd he  
 nar. þy at hon yill bialpa allum þeim er hana dýred a ma hon ollu  
 bialpa þeim er hon yill. En sa dýrekar sanlega modor guds er hifur  
 myndir eptir hennar at færð. Sva at h metr son hennar til allra  
 god gninga hinna. <sup>i</sup> leti hs oft ser banna munoder sinar idangar.  
 En hyerr erþa gerur man odlas <sup>i</sup> Arnadar-ord enar hælgum maro. <sup>i</sup> id  
 droten yarn. <sup>i</sup> fulting hennar <sup>i</sup> id allre frestni blandans <sup>i</sup> þessom  
 heimi. en samyfsto hennar eptir andlae sit i humni rikus dýrd  
 med gudi <sup>i</sup> ollum hælgum. Maclega holdum <sup>i</sup> helgan burðardag  
 maro modor guds. þy at hennar dýrd yataðo allor aldarsiedum <sup>i</sup> spa  
 mén <sup>i</sup> langadu til hennar burðar allor reðar þær er guds orðum  
 trudu. En nu ægum <sup>i</sup> þar til at sia til fulangsu til arnadar-ord  
 er hon er. þy at hon er mislunsum <sup>i</sup> hug yar <sup>i</sup> varcunlae <sup>i</sup> liellor.  
 mi callum a hana næst gudi. at hon bidi him almatka gud at h fyrir  
 gefe os allar syndir yarar <sup>i</sup> styrkios til ydr sið synda at yermi  
 gen med gudi yera <sup>i</sup> guð med os p omnia scla scloz amen. **In exaltatione**  
**Odroe het kgr heidin ut a cerc lande <sup>i</sup> crucis.**



er heimade til ior sala borgar. <sup>i</sup> brout kirkjur  
 margar. <sup>i</sup> hafde brout med set. <sup>i</sup> drotes yar  
 i mart fengi annat. Patoc hat drama ba at sigri  
 þessom <sup>i</sup> potese gr ð vera. <sup>i</sup> let ger a ser glær himin.

Bilde 1: AM 619 4to, 65v. Legenda byrjar med initialen "C" i linje 5 nedanfrå  
(Foto: Suzanne Reitz, København)



Bilde 2: Frontalet frå Nedstryn, no i Universitetsmuseet i Bergen  
(Foto: Svein Ove Skare, Bergen)



Bilde 3: Den sjuande medaljongen i frontalet (øvste rekke, nr. 3 frå venstre),  
der Cosdroe vandrar berføtt inn i Jerusalem med krossen og blir motteken  
med stor fagning. Her er tekstbandet godt leseleg (Foto: Svein Ove Skare, Bergen)

glashimmel, den held fram med kampen mellom Cosdroe og Eraclius, og den endar med tilbakeføringa av krossen i den heilage byen og dei mirakla som då skjedde (Indrebø, 1931: 135–136). Om ein jamfører teksten i homilieboka med tekstbanda og bileta på frontalet frå Nedstryne, er det klart at det er nøyaktig den same historia som er fortalt. Med bakgrunn i homilieboka blir det også tydeleg korleis medaljongane skal lesast, frå venstre til høgre, og den nedre rekkja før den øvre.

Det er no semje om at homilieboka vart nedskriven i Bergen, anten i tilknyting til Jonsklosteret eller Domkyrkja på Holmen (Haugen og Ommundsen, 2010: 12–13). Vidare er det sannsynleg at frontalet seinare vart skapt i ein verkstad i den same byen, truleg i Øvregaten, der malarane heldt til. Kanskje vart dette frontalet sett opp framfor eit krossalter i ei av kyrkjene på Holmen i Bergen eller like fram i slottskapellet til Magnus Håkonsson (jf. von Achen, 1990: 216–217, og Aavitsland, 2010: 234 med vidare referansar). Det er lite sannsynleg at eit så framståande arbeid vart laga til ei lita stavkyrkje i Nordfjord. Meir sannsynleg er det at flyttinga skjedde etter reformasjonen, då mykje kyrkjekunst vart ført ut i distrikta. Vi veit at eit frontale vart selt til Volda kyrkje i 1643 (von Achen, 1990: 219 n. 11), og det er dermed ikkje utenkjeleg at Nedstryne-frontalet først kom til Nedstryne i samband med oppføringa av den nye tømmerkyrkja på 1600-talet.

Tekstbanda på dei åtte medaljongane er desse – der teksten i homilieboka følgjer Indrebøs utgåve (1931) og teksten på frontalet Bendixens transkripsjon (1892):

Nr.	Homilieboka (ca. 1200-1225) (Indrebø, 1931: 135.02-136.01)	Nedstryne-frontalet (ca. 1315) (Bendixen, 1892: 17-18)
1	COsdroe hét konungr hæiðin ut á Serc lande er heriaðe til Iorsala-borgar. <i>ok</i> braout kirkiur margar.	Her byrjar soga ens helga Cros, so sem Kosdroa hernemde han af Jorsala-lande til Serklands.
2	<i>ok</i> hafðe braout með fer <i>kross</i> drøtens várf <i>ok</i> mart fenge annat.	Her kemer [Kosdroa til Serk]landz med helgu crosse.
3	<i>ok</i> þotesc guð vera. <i>ok</i> let gera fér glær himin. á ho fialle. <i>ok</i> liking allra himin tungla. <i>ok</i> sat hann þar á gul stole.	Her siter Ko[sdroa] a glerhimni sinum med cros Guds, sol ok tu[ng]l [ok letr (el. bydr) sik ka]llasz Gud.
4	Ða gengo þær á bru <i>ok</i> baorðusc <i>ok</i> hafðe Eraclius gagn <i>ok</i> gecc allt lið Cosdroa á hond honum <i>ok</i> tóc trv.	Her sígrazt Eraklius á syní Kosdroa med Guds styrk o[k] en[s] he[lga cros] i bru.

5	Þa gecc Eraclius upp á glær himin Cosdroa með liði sínū. ok varð Cosdroe haondum gripin ok hoggvin því at <i>hann</i> vildi æigi trv taka.	Her dreper Eraklius keisare Kosdroa k[onung] ok herjar cros Guds ok fer heim med.
6	ok vildi <i>hann</i> riða með cross drotens vårf í þat lið Iorfala borgar er Iesus fór til pinflar. En lið et lousc aptr fyrir honum ok varð sem æin væggr.	Her kemr Heraklius til Jorsalaborgar ok ser ekkí port a saker prydí sinar.
7	Ða varp konungr af fér tignar scruði. ok gengo aller ber føtter til borgar ok fungu lof guði.	Her fagnar allr lydr tilkomo ens helga cros med motegongo ok alre tign.
8	En er cros drotens varf com aptr til Iorfala þa gerðosc flicar iartæinir allar sem þa er crossen fanzc. því at þa ræif maðr af dauða ok fengo siukir hæilso.	Her er upsettning ens helga cros: fengo davder men lif ok sjuker heilsu.

Det er opplagt at det ikkje er tale om ei rein avskrift, sjølv ikkje innanfor den nokså frie norrøne tekstradisjonen. Men det er mange nok døme på samanfall i former og uttrykk, som t.d. *Serkland* (nr. 1), *glær himin* (“glashimmel”) (nr. 3), det uspesifiserte stadnamnet *bru* (nr. 4) og den avsluttande setninga *fengo siukir hæilso* (“vart sjuke friske”) (nr. 8). Av desse har substantivet *glærhiminn* vore trekt fram som særskilt interessant, fordi det i dei latinske versjonane av legenda er tale om eit gyllent tårn snarare enn ein glashimmel (Hjelde, 1990: 342).

Dei samanfalla som er nemnde her, talar alle for at det er eit samband mellom homilieboka og utforminga av tekstbanda og også sjølve illustrasjonane i Nedstrynfronalet. Men det treng ikkje vere eit direkte samband av same type som når eit handskrift vart kopiert frå eit anna, ord for ord, side for side. Skilnadene er så store at det like gjerne kan dreie seg om eit memorat, at legenda vart fortalt (eller lesen opp) og deretter ført vidare i minnet. Legenda i seg sjølv er så enkel at det ikkje ville vere noko i vegen for ei slik tekstoverføring i ein kultur som framleis stod i overgangen mellom det munnlege og skriftlege. I så fall kan boka ha vore med på å gjere kjend ei enkel legende, lett å hugse og fortelje vidare, og kunstnaren kan ha skapt frontalet utan at han hadde direkte tilgang til boka.

Det blir ofte diskutert kor omfattande den munnlege tradisjonen har vore og kor lenge han har levd fram til den skriftlege nedteikninga av norrøne dikt og soger. Her har vi kanskje eit døme på at det også kan vere ikkje-skriftlege *mellomledd* i ein tekstradisjon, eit døme på at ein tekst kan leve både i synet for ein avskrivar og i minnet for ein kunstnar, som seinare attfortalte legenda i tekstband og i bilete.

## Litteratur

- Aavitsland, Kristin B. 2010. "Visualisert didaktikk? Det talte og det malte ord i norsk middelalder", i *Vår eldste bok*, utg. Odd Einar Haugen og Åslaug Ommundsen (Oslo: Novus), s. 217-246.
- Achen, Henrik von. 1990. "Keiser Herakleios i Nedstryne", i *Hellas og Norge. Kontakt, komparasjon, kontrast*, red. Øivind Andersen og Tomas Hägg (Bergen: Klassisk institutt, Universitetet i Bergen), s. 211-220.
- Bendixen, B.E. 1892. "Aus der mittelalterlichen Sammlung des Museums in Bergen. X. Das Antemensale aus der Kirche von Nedstryen in Nordfjord", *Bergen Museums Aarbog* 1892 (Bergen: Grieg), s. 11-25 + plansje.
- Haugen, Odd Einar, og Åslaug Ommundsen, red. 2010. *Vår eldste bok. Skrift, miljø og biletbruk i den norske homilieboka*. Bibliotheca Nordica, bd. 3 (Oslo: Novus).
- Hjelde, Oddmund. 1990. *Norsk preken i det 12. århundre. Studier i gammel norsk homiliebok*. Upublisert avhandling (Oslo).
- Indrebø, Gustav, utg. 1931. *Gamal norsk homiliebok* (Oslo: Kjeldeskriptfondet).
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog*, bd. 1, *Registre*, 1989 (København: Den Arnamagnæanske Kommission).